



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6070 - 20/18209

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 123/143 Risa

Tiltak: Tomannsbustad
Byggjestad: Gbnr: 123/143
Tiltakshavar: Søreide Bygg AS
Ansvarleg: Arkoconsult AS
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.02.2020.

Saka gjeld søknad om etablering av tomannsbustad på eigedom gbnr 123/143.

Motteken situasjonsplan syner 4 parkeringsplasser, det er ikkje i tilstrekkeleg grad dokumentert at ein kan manøvrere på eigen grunn ved 4 parkerte bilar, vi ber om at det vert levert inn oppdatert situasjonsplan som synleggjer at ein kan snu/manøvrerer på eigen grunn.

På situasjonsplan er det og teikna inn støttemur, det er lagt ved naboerklæring frå eigedom gbnr. 123/3 i høve plassering nærare grense enn 4 meter. Mur er ut i frå situasjonsplan plassert i grense mot gbnr 123/185 og nærare grense enn 4 meter mot gbnr. 123/134, vi ber om at det vert levert inn naboerklæring frå heimelshavar av gbnr 123/134 og gbnr 123/185.

Det er levert inn erklæring frå kontrollerande føretak, men kontrollføretaket er ikkje påført gjennomføringsplan, vi ber om at det vert levert inn oppdatert gjennomføringsplan.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan som syner at ein har tilfredsstillande snu- og manøvreringsmoglegheit på eigen grunn ved 4 parkerte bilar.
2. Naboerklæring frå eigedom gbnr. 123/134 og gbnr 123/185 for plassering av støttemur.
3. Oppdatert gjennomføringsplan der ansvarleg kontrollerande er påført.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 08.05.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Søreide Bygg AS	c/o Ole Moen AS Litlås 4	5954	MONGSTAD
Søreide Bygg AS	c/o Ole Moen AS Litlås 4	5954	MONGSTAD

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
----------------	--------------	------	-------------------